

Kommunal- og forvaltningskomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Dato: 24.05.2019
Vår ref.: 2018/16486-51
Saksbehandlar: thoaare
Dykkar ref.:

Kommuneproposisjonen 2020 - verknader for Vestland fylkeskommune

I samband med budsjettarbeidet 2020 for Vestland fylkeskommune, drøfta fellesnemnda på møte 23. mai 2019 verknadane av regjeringa sitt forslag til Kommuneproposisjon – prop. 113 S.

Fellesnemnda gjorde slikt vedtak:

«Det må arbeidast vidare politisk med å få auke inntektsrammene, mellom anna med å få dekkja auka kostnader med miljøvennlege ferjer og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.»

Manglande inntektsvekst

Kommuneproposisjonen legg ikkje opp til vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane. Tvert om er det signal om redusert inntektsramme for 2020. Dette vert i så fall andre året på rad utan inntektsvekst. Det seier seg sjølv at det ikkje er ein ønskeleg situasjon for dei nye fylkeskommunane å starte med å kutte i driftsutgiftene.

Ein ser det som lite realistisk å hente ut effektiviseringsgevinstar første året. Tvert imot har ein utgifter til samanslåingsprosessen som langt overstig det ein har fått i kompensasjon.

Det er alltid utfordrande å gjennomføre endringar i inntektssystemet, då nokon nødvendigvis vil kome ut med tap. Men det ville lette prosessen vesentleg om det i botnen låg ein viss vekst i den totale ramma.

Grønt skifte i kollektivsektoren

Vestland fylkeskommune tek eit stort klimaansvar i kollektivtransportsektoren gjennom elektrifiseringstiltak for ferje- og busstrafikk. Frå 2020 vert mesteparten av ferjetrafikken elektrifisert og i perioden 2019-2021 vert busstrafikken i Bergen gjennomført med elektriske bussar. Som følgje av denne storsatsinga, vil Vestland fylkeskommune frå 2019 til 2020 få stor auke i driftskostnadane. Netto kostnadsauke på driftssida er rekna til 385 mill. kr frå 2019 til 2020. I tillegg kan nemnast at det i 2019/2020 vil bli inngått nye hurtigbåtkontraktar (Sogn og Fjordane) som vil ha verknad frå 2022.

Det samla investeringsbehovet i 2020 som følgje av elektrifisering er også stort. Dette gjeld ladeinfrastruktur for ferjer, og straumforsyning i samband med denne infrastrukturen. For 2020 er nettokostnaden for Vestland fylke rekna til 324 mill. kr. Då er eit tilskot frå Enova på 172 mill. kr. trekt frå bruttokostnaden som er 496 mill. kr.

Fellesnemnda for Vestland fylkekommune krev at denne store klimasatsinga gjev utteljing; anten gjennom øyremerka midlar til dei fylkeskommunane som tek klimaansvar eller gjennom utteljing i inntektssystemet. Frå sentralt hald er det oppmoda til miljøtiltak og reduksjon av utslepp i kollektivsektoren. Det er difor urimeleg at fylke som Vestland, som har teke Storting og regjering si oppmoding på alvor, kjem dårlegare ut økonomisk enn fylke som ikkje har sett i verk klimatiltak.

Overføring av SAMS vegadministrasjon til fylkeskommunane

Vestland fylkeskommune er klar for å ta ansvaret knytt til fylkesvegar. Overføringa av ansvaret for SAMS vegadministrasjon er den absolutt største oppgåveoverføringa i regionreforma. Vestland fylkeskommune er uroa over dei signala som kjem frå regjeringa, både knytt til uvisse om tidspunkt for overføring, og finansiering av oppgåvene for fylkeskommunane. I høve tidspunkt vert det i kommuneproposisjonen for 2020 sagt følgjande:

«Overføring av ansatte vil bli gjennomført gjennom dialog og avtale mellom Statens vegvesen og fylkeskommunene. Det legges opp til at overføring kan skje 1. januar 2020».

Vestland fylkeskommune meiner at det på noverande tidspunkt burde vore tydeleg klarlagt at overføringa skal skje frå 1.1.2020, då prosessane med tilsetting og dimensjonering av ressursar er godt i gang.

Utifrå det som er lagt fram i høve finansiering meiner Vestland fylkeskommune at oppgåveoverføringa vil bli underfinansiert. Dette gjeld m.a. i høve IT-kostnader, omstillingskostnader og finansiering av naudsynte personalressursar. Det er ikkje lagt opp til noko kompensasjon for auka IT-utgifter som t.d. lisensar til nye system og utvikling av nytt nasjonalt system SAMS-IKT. Det ser ut til at dette vert ei finansieringsutfordring for fylkeskommunane, dels ein eingongskostnad og dels varige kostnader.

Ein viktig premis for at overføringa av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen (SVV) skal bli ei vellukka oppgåveoverføring, er det økonomiske oppgjeret. Vestland fylkeskommune meiner at overføringa av midlane må vere i tråd med oppgåvene fylkeskommunane overtek ansvar for. Det vil seie at den samla budsjettamma som har blitt brukt til oppgåver knytt til fylkesvegar i SVV vert overført til fylkeskommunane. Utifrå signal frå regjeringa og i kommuneproposisjonen for 2020 er det faktisk tal årsverk som vert overført frå SVV som avgjer rammejusteringa. SVV har berekna at dei har brukt 1850 årsverk på SAMS vegadministrasjon. Om det vert overført 1850 årsverk er enno usikkert. Prosessane med tilsetjingar frå SVV til fylkeskommunane er i gong og vil truleg ikkje vere fullført før til hausten. Vidare må fylkeskommunane tilsette eksterne til dei eventuelle resterande stillingane vi har behov for. Det er difor uvisst kor mange frå SVV og kor mange eksterne som vert tilsett. Men dersom fylkeskommunane treng 1850 årsverk, og ikkje får det frå Statens Vegvesen, må dei hentast i arbeidsmarknaden, men då utan rammeoverføring frå staten. Vestland fylkeskommune meiner dette er ei planlagt underfinansiering, og kommunalkomiteen bør arbeide for sikre at alle kostnadene knytt til overføringa av oppgåver mellom stat og fylkeskommunar vert dekkja.

Tapskompensasjon i inntektssystemet

Tapskompensasjonen på samla 335 mill. kr vert i forslag til nytt inntektssystem omfordelt til fylka som får eit tap på meir enn 50 kr per innbyggjar som følgje av inntektssystemet frå 2020. Dette gjeld Viken, Innlandet, Vestfold og Telemark og Agder. Tapa for desse fylka som følgje av revidering av inntektssystemet går frå 67 kr per innbyggjar til 411 kr per innbyggjar. Tapskompensasjonen gjer at fylka ikkje kjem ut med meir enn 49 kr per innbyggjar i tap når inntektssystemet får full effekt etter 4 år. (12 kr per innbyggjar første år) Bakgrunnen for «ramma» på 335 mill. kr er opptrapping av tapskompensasjonen i perioden 2015-2019, først gjort av regjeringa (2015), så av Stortinget (2015-18). Stortinget har slege fast at det er svakheiter i inntektssystemet (frå 2015) som ikkje vert fanga opp gjennom det samla kriterie-settet. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk eit tap på 2 500 kr per innbyggjar som følgje av dei store endringane med nytt inntektssystem i 2015 og Hordaland fylkeskommune tapte om lag 400 kr per innbyggjar.

Tapskompensasjonen frå 2015, som så langt har gått til fylke med vesentleg større tap pr innbyggjar, har dekkja 1/3 av tapet i perioden frå 2015-19. Dei resterande 2/3 av tapet, for Sogn og Fjordane sin del eit nedtrekk på om lag 1 700 kr per innbyggjar, har ført til store kutt i tilbod mellom anna til opplæring og samferdsle. Tapskompensasjonen som no vert omfordelt gjer at dei nemnde aust- og sørlands-fylka berre får eit nedtrekk på 49 kr per innbyggjar etter 4 år. Dette gjer at tapskompensasjonen for desse fylka vert ei veldig god ordning.

Vestland fylkeskommune meiner at grunnlaget som Stortinget frå 2015 har gjeve tapskompensasjonen på, bør stå fast. Inntektssystemet frå 2015 gav vesentlege tap for enkelte fylkeskommunar, og inntektssystemet frå 2020 er ei langt mindre omlegging, i hovudssak ei oppdatering av inntektssystemet frå 2015, med mål om å gjere systemet mest mogleg samanslåingsnøytralt. Det er difor grunnlag for å hevde at noko tapskompensasjon må ligge att hos dei fylka som tapte mest etter den store omlegginga i 2015. Kommunalkomiteen kan til dømes velje ei innretting på 50/50, der 50 prosent av samla kompensasjon på 335 mill. kr vert fordelt til dei fylkeskommunane som hadde store tap etter nytt system i 2015, mens 50 prosent vert fordelt til fylkeskommunane som får mindre tap som følgje av oppdatering av kostnadsnøklar etter nytt system i 2020.

Anne Gine Hestetun

Fylkesordfører i Hordaland
og leiar i fellesnemnda

Jenny Følling

Fylkesordfører i Sogn og Fjordane
og nestleiar i fellesnemnda

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.